

Den store suksessen i den lokale bokheimen ihaust var praktboka "Høgt og lågt i Kvinnherad", som med tekst og bilete synte oss kvinnheradsbygdene, fjella, fjordane og breen frå ulike vinklar.

Det var Kvinnherad turlag som stod bak bokprosjektet, men han som var ansvarleg for mesteparten av dei flotte bileta, var sunnmøringen Jan Rabben

Han vart fødd i Ålesund i 1952, men har gjort sunnhordlending av seg og bur no på Stord.

Universitetsutdanning i biologi og geografi har nok medverka til den høge faglege grunnlaget for detsom har vore hovudsyssel for Rabben i meir enn tretti år: naturfotograf og skribent. Det levande engasjementet hans for natur og miljø kom dessutan tilnytte dei åra han var miljørådgjevar i Fitjar.

Jan Rabben har vore med og laga elleve bøker i tillegg til annan biletproduksjon og oppdrag som språkkonsulent og kåsør.

Når han no kjem på møtet i Senioruniversitetet i Kvinnherad på Rosendal Fjordhotell onsdag den 24. april, vil han fortelja om korleis denne siste boksuksessen vart til, og vi kan gleda oss til å sjå fleire vakre bilete frå kommunen, skriv Senioruniversitetet i ei pressemelding.